

102990

# Nasjonalsvikaren

Sjølv historikarar har til no funne det umogeleg å av-demonisere Vidkun Quisling. Nordmenn flest vil rett og slett ikkje sjå på han som eit menneske av kjøtt og blod. For folk flest er han rett og slett, etter Hitler, sjølve Fanden personifisert. Difor skal det moralisk mot til å gjøre det Hans Fredrik Dahl (HFD) gjer, nemleg leggje bort biletet av ein mann full av svik og vondskap, byrja på null når han i to mursteinsband teiknar eit bilet bygt på fakta. Det er litt at ei oppgåve å skrive ei analytisk bok om denne mannen, i strid med illviljen som er bygt opp gjennom 1930-åras anti-propaganda, etterfølgd av okkupasjons- og etterkrigstidas forklurende, djevelofreksa, feiltolkande, ofte beint fram *forsiktig historiografi*. HFDs bilete av Quisling er altså ikkje i samsvar med det folk stort sett har lese om mannen.

Eg har lys til å dekkje meg (og HFD) bak A.J.P. Taylor, historikaren som vågar å gå andre vegar. Han seier at konformitet nok giev deg eit roleg liv, ja det kan til og med gje deg eit professorat (Taylor vart tids kanskje fremste historikar, blei ikkje professor i Oxford slik han ønskte. Professoratet gjekk til eitt mykke mindre historikar, som traska i gamle spor). Men alle framsteg kjem frå ikkje-konformitet. Dersom dei ikkje hadde vore dissenterar, så hadde verda stått stille. HFD likar truleg, akkurat som Taylor, å vekkle til debatt. Gjennom heile boka finn han rimelige forklaringar på Quislings sine handlingar. Det aleine er noko heilt nyt, sjølv blant historikarar.

## Meir enn Quislings svik

Det var mange fleire enn Quisling som svikta kastrafot 9. april, som før 9. april, og etter. Her ligg, etter mi mening, stoff til endå ei bok, der dei mest skandaløse og sydeleggjande handlingane og ikkje-handlingane til regjering, generalstab og admiralstab måtte bli hovud-tema (ikkje-neutralitet, overmobilisering mot feil fiende i Øst-Finnmark og Troms innland, regjerings drepende mobiliseringsordre natt til 9. april, den tøffate holdninga frå styrsmaktena dei første døgna då felttoget i Røynda blei avgjort, før vere nokre stikkord for kva eg har i tankene). Likevel var det umogeleg i 1945 å sjå noko som helst forklarande, for ikkje å seie formidla, ved Quislings handlingar. I staden blei dei nadsynt med selektiv historieskriving, ja beint fram med juks med fakta, for å få alt til å passe inn i eit på førehand fastlagt mønster (t.d. fiksing med teksten i kapitulasjonsdokumentet av 10. juni mellom overkommandoane).

I saka mot Quisling bygde retten på føresetnaden at Quisling var eit vondt (infant, läkt, djevelsk) menneske. Med HFDs bøker blir mykke annleis. Verkeleg skremmande blir det når kollegaer åtvarer HFD, spor om han velt kva han gjer med revisionismen sin o.l., som vil seie at han fortel den historiske sanning i studien for å servere den propaganda og svart-kvit framstillinga vi har levd med i eit halvt hundre år. Ein lyt då spørje om den historiske sanning er farlig? Er svaret ja, lyt eg seie meg samd med kollegaer som ristar på hovudet. Efter dommen (i Quisling-saka) oppmoda Quisling Hitler til å utsrydde jødane i Noreg. Rett nok var Quisling klart anti-semit, seier HFD, og samd i deportasjonen. Men altså ikkje at dei skulle utryddast.

Quisling hadde fått ein hog britisk orden, CBE (Commander of the British Empire) for tenester han hadde gjort landet, og var på flere måtar engelskvennlig. Frederik Prytz, som stod Quisling spesielt nær, som han var Dus med, hadde gått på britisk kostskule (Public School) saman med den framståande politikaren Lord Swinton. Quislings sekretær Harald Franklin Knudsen (ein nær slektning av statsminister m.m. Gunnar Knudsen) hadde også engelsk kostskulebakgrunn. Prytz, som kjende statsminister m.m. David Lloyd George godt, freista å påverke Quisling til å arbeide for fred mellom Storbritannia som jo hadde erklært Tyskland krig, ikkje omvendt, og Tyskland. Men Quisling var meir oppiken av at britane ville gå i land i Noreg, som i sin tur ville føre til russisk intervensjon i Nord-Noreg. Slik ville vårt land,



OBJEKTIV. Det er objektiv historie Hans Fredrik Dahl skriv, meiner Svein Blindheim

## Biografi

**Hans Fredrik Dahl**  
Vidkun Quisling. En fører for fall  
Aschehoug

le støyde saman og dele landet mellom seg. For alt i verda måtte det forhindra at stormaktene førte krigen til Noreg. Det igjen førte til at han forhandla med tyskarar (stortadmiral Raeder, Rosenberg, Scheidt o.a.) Då er han inne på vegn mot sviket. Sjølv sagt såg han rett i at hovudoppgjøret måtte komme til å stå mellom Tyskland og Sovjetunionen, eit syn som var mindre originalt.

HFD snakkar ikkje direkte om det, men i allfall

takter og mange framståande Parti-medlemmer. Sjefen for mobiliseringsavdelingen, major Munthe t.d., kaptein Hans Petter Lorange, kaptein Kåre Vagn Knudsen o.fl., må ha tenkt i same baner kva gjeld Aust-Finnmark (og Nord-Noreg). Berre då blir det noko meinung i den sydeleggjande overmobiliseringa i Nord-Noreg), eit tema historikarane elles har valt bort i femti år. Oppdaltinga til kapasitetsgrensa i Øst-Finnmark, og styrkar i Troms innland, som i det meste av etterkrigstida, var faktiske hendingar, og skulle ha vore behandla av historikarane. Eller fekk sivile historikarar berre balatellende og minimaliseringar bortforklararar. Måll dei spurde fagfolkla kva dette hadde å seie for felttoget i 1940? (ein offiserselite som må ha hatt eit avgjerande medansvar, saman med regjeringa).

Diverse overraskande so lenge mange sentrale

knapt er behandla går heller ikkje HFD, etter mi mening, djupt nok inn på Quislings tilbakekalling av mobiliseringsordren frå regjeringa 9. april. Han omtalar ikkje Quislings fleire freinader på å få to offiserar nett frå Generalstabens mobiliseringsavdeling til å melde seg til teneste i Oslo. Dei to var kaptein Vagn Knudsen og loytnant Jens H. Throne Nordlie. Å etterkomme ordren frå Quisling som sjølv mente han var lovleg statsminister, tankar dei to nok ogso må ha vore inne på var, i praksis, det same som å desertere (den same Nordlie skreiv etter krigen utgreiing om felttoget i 1940 for Undersøkelseskommisjonen av 1945, mens Vagn Knudsen i okkupasjonstida arbeidde med å samle inn materiale om krigen i Noreg for NS sin granskingskommisjon). Begge var med i Generalstabben under felttoget, men valde ulike vegar seinare.

## Eit revolusjonært parti

Det er umogeleg å ta opp innhaldet i denne mursteinen av ei bok, anna enn å seie at ho er den første omhyggjelge og rettférige skildringa av hovedpersonen Vidkun Quisling. Ho tek opp idear, rørsler og tankar som ikkje er prega av den standard svart-kvit framstillinga vi har tatt til takke med til i dag. Quislings parti var ikke borgarleg, slik folk flest trur. Tvert imot var NS eit anti-liberal, revolusjonært parti. Mange av dei som braut med Quisling for krigen, som h.radvokat Hjort, Victor Mogens, Hans S. Jacobsen var brunare enn Quisling. Nokre av desse fråfalte gjekk inn att i NS, og betalte etter krigen. Andre blei høgst respekterte, om ikkje jossingar, so i allfall; sjølv ogso om dei sommaren 1940 spelte like forrådarisk. Mykje av dette har vore ikkje-stoff i etterkrigs-Noreg.

Samstundes med at vi får eit tydeleg bilete av Quisling, Føraren, framstår andre nordmenn som grovt inkompentente. Aller mest gjeld dette ei regjering som fører ein katastrofalt utenrikspolitikk. Noreg fekk eit politisk vakuum då Nyaugardsvoldregjeringa flykta frå rikets hovudstad 9. april. Boka syner klart at tyskarane ønskte ei regjering å ha med å gjøre frå første stund. Spelet om Noreg var i røynda avgjort allereie 9. april, no var det stort sett berre eit spørsmål om kor lang tid tyskarane trøng for å binda saman landsdelane. Hitler var ikkje heilt jour med den politiske situasjonen dei kritiske timane 9. april, og aksepterte Quislings statskupp 9. april. Dagen etter heldt han fast på henne under Bruers møte med kongen og Koht på Elverum. Men samstundes var intrigante menn, og andre aktivistar, i Oslo, i ferd med å erstatte Quisling-regjeringa med det vi kjenner som Administrasjonsrådet, eit forvaltnings- og administrasjonsorgan.

Som HFD påviser hadde Quisling-regjeringa som føresetnad å vere eit suverenitetserberende organ, ikkje eit administrasjonsorgan. Men dei aktive, intrigende mennene i Oslo (Berg, Bergerav, Christensen, Hjort, Victor Mogens o.fl.) greidde raskt å få Quisling avsett. Dermed var rikets suverenitetapt, og difor fekk vi Terboven, med dei fullmaktene som Administrasjonsrådet ikkje hadde. I Danmark heldt den sittende regjeringa fram, og Danmark fekk sin tyske utsending. Werner Best, men med litt makt ved sida av regjeringa.

HFD skildrar Quisling og tida presist og upartisk. Eg ser bøkene hans (dei to mursteinsbanda) som eit kjempeloft i norsk biografiflitteratur. Dei er slett ikkje tilslukt som ortsaks og oppriising for mannen som gjorde statskupp 9. april. Vi møter ein sei og tagali Quisling hos HFD, ein revolusjonær og anti-semit men, som nemnt, ikkje tilhengar av holocaust, og ein person som stadig meir blei rørla/Ns sin fange. Det er objektiv historie HFD skriv. Implisitt av-demoniserer han dermed Quisling. Eg helsar velkommen dette femti år for seinkorrektet til folkedommen som har rådd grunnen til no. Folkedommen har i stor monn vore tufta på selektiv framstilling, ja, på løgn og antisemiter, med Quisling som synonym/ny-orde for landssvik ei framstilling som, for å seie det folkelig, er heilt på jordet!